



Uskedal barnehage kjem godt ut i vurderinga etter dialog- og kvalitetstilsyn. Motivet er frå soltoget, markeringa kvart år då sola er tilbake etter vinteren.

Uskedalen barnehage har hatt dialogsamtale/kvalitetstilsyn den 10 oktober med Anne Sofie Kjeka og Astri Måkestad frå Kvinnherad kommune. Attendemeldingane frå sektorleiar etter kvalitetstilsynet var einsarta gode. Skriftlige attendemeldingar syner at Uskedalen barnehage står fram som godt driven og velorganisert. Det verkar å vera stort fokus på barns beste og at det rår eit positivt barnesyn i personalgruppa

Den 24 oktober hadde Uskedalen barnehage lovtilsyn med bakgrunn i Lov om barnehager. Hovudområde for tilsynet var §2 Barnehagens innald, §17 Pedagogisk bemanning, §18 Grunnbemanning og §23 Helsekontroll av barn og tilsette. Tilsynet vart gjennomført i ein kombinasjon av stadleg tilsyn (intervju av alle ledd i organisasjonen) og systemrevisjon/dokumentgjennomgang.

Uskedalen barnehage fekk ingen avvik under tilsynet. Personalet fekk gode attendemeldingar på barnehagens innhald, drift og barnehagen sin kultur.

Den 25 oktober var det gode resultatet frå tilsynet markert med knakande god gullerotkake laga på pauserommet. Hatten av for personalet i Uskedalen barnehage.

Barnehagestyrar Ann Irene Sæle er stolt og godt nøgd med det gode arbeidet som vert gjort i barnehagen.

Tekst: Ann Irene Sæle/Kristian Bringedal
Foto/nett: Kristian Bringedal